

Referat frå elevrådsmøte

Dato: 11.sept


SAKER:

1. Årets elevråd. Leiar for elevrådet er Arthur Skjold Bersås.

Elevrådet 19-20

Elev:	Klasse:
Torjus og Simen	5.kl
Karoline og Stian	6.kl
Vanessa og Arve	7.kl
Martin E og Indianna	8.kl
Eira og Erik	9.kl
Arthur og ? <i>Leiar og nestleiar</i>	10.kl
	Målfrid

2. Gjennomgang og refleksjon over rolla som elevrådsrepresentant. Det er eit viktig ansvar, og ei tillitserklæring.
3. Valg Ungdomsråd: Våre representantar er Arthur, Eira og Sebastian. Dei var i Ungdomsrådet i fjor, og skal fortsetje dette året.
4. Innkjøp til uteområdet. Forslag frå elevrådet i fjor er "Tuftepark". Litt meir aktuelt for eldre elevar. Vi har 20 000 å bruke. Skolen tar resten av det det kostar. Elevrådet tenker seg om til neste møte. Tar ev med andre forslag.
5. Oppmerking uteområdet. Skolen ønsker å merke opp brennballområdet + dei stadane klassane frå 1.-7.klasse stiller opp ute. I tillegg var elevrådet med å sa noko om andre type oppmerkingar som kan brukast i leik. Rektor tar med seg desse innspela i avgjerdsla ang dette.
6. Alle klassar får ut referatet frå elevrådet i papir. Det ligg òg lagra i oppretta classroom for elevrådet og på heimesida.



SAKER FRÅ KLASSANE:

5.kl:

- Det er ønske om fleire bossdunkar i skulegården. Dersom vi set opp fleire bossdunkar, må vi lage rutinar på skulen kor elevane tømmer desse. Elevrådet vil at vi oppfordrer alle til å kaste i det bosset vi har i bossdunken som står i skulegården, og med det jobber aktivt for å få eit reint og fint miljø på skolen.
- Dusjane i jentegarderoben gym slår seg på av seg sjølv. Dusj i guttegarderobe gym må dunkast i for å virke. Dusj i symjegarderobe gutter stopper for tidlig. Rektor gir beskjed til vaktmester om dette.
- Det er ein del knekte og øydelagde stolar. Vi må få ein oversikt over kor mange det er og kor mange nye vi treng. Vi har ikkje råd til å kjøpe inn nye nå, men det er noko rektor ønsker å prioritere så fort vi får muligheten.

6.kl:

- Dissa som er raud i skolegården treng å skiftast ut. Målfrid ser på dette.
- AL i gymsalen. Rektor ønsker ikkje at det er AL-aktiviteter i gymsalen når det ikkje er voksne som kan sjå etter aktiviteten. Elevrådet foreslår innevakt, men det er vanskeleg å få dette til fordi vi treng vaktene ute. Rektor vil vurdere inneaktiviteter dersom vi kan får til eit greit tilsyn.
- Ønske om å ha Just dance inne når det regnar og tauaktiviteter ute når det ikkje regnar. Her har vi same utfordringen i forhold til tilsyn. Rektor vil sjå på om det er mulig å få det til i forhold til tilsyn.

7.kl:


- Klassen ønsker spegl over vasken i klasserommet. Rektor vurderer dette saman med vaktmester.
- Vi kan ikkje få drikkevask ute. Det har med røyrsystemet å gjere. Røyra frys når det blir kaldt.
- Det er trong for sko i garderoben til 7.klasse. Løysning må vere å setje sko på golvet, men sjekk om det er sko som kan vere andre stader. T.d. gymsko/innnesko.

8.kl:

- Solskjerming er ønska. Denne er på vei, men har blitt litt forsinka.
- Vanskeleg å justere varmen på ung.skulen. Aldri behageleg. Rektor tar dette med vaktmester.

9.kl:

- Ønsker å komme inn på skulen litt før slik som vi hadde det i vår. Vi kan ikkje vere klar til timen når vi ikkje kjem inn i klasserommet før 8.00. Rektor tar dette opp med lærarane på ung.skulen.



- Vi ønskjer fleire sitjeplasser i ung.rommet. Airhockey-bordet er ikkje i orden. Fotballbordet er øydelagt. Rektor ser på saken.
- Det kom òg eit innspel om å få bruke mobiltelefon i matfriminuttet på ung.skulen. Skolen ønskjer at elevane på ung.skulen har eit friminutt kor dei øver på å vere sosiale utan at ein har tilgang på mobil. Det er viktig å øve på dette, og det fører til at ein snakkar meir i lag. Elevane får bruke mobil i alle dei andre pausane, i tillegg til i spisetida. Vi vil fortsetje å ha denne ordninga.

10.kl:

- Ingen saker.

Ref.

Målfrid